



SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
IKS
Meatjønnsvegen 43
5412 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Endeleg rapport frå inspeksjon ved SIM IKS Svartasmoget

Kontrollnummer: 2022.056.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ole Johannes Støle

Malvin Helland Andahl

Janne Hillersøy

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Kristin Espeset

Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SIM IKS Svartasmoget den 4. og 5. oktober 2022. SIM IKS har 20.11.2022 sendt inn eit brev som er formulert som ein klage på vår tilsynsrapport av 15.11.2022. Avvik i tilsynsrapportar er ei beskriving av ein tilstand og ikkje eit enkeltvedtak som kan påklagast. Statsforvaltaren har derfor ikkje sendt klagen vidare til Miljødirektoratet.

Ved tilsyn går Statsforvaltaren fram på ein systematisk måte for å framskaffa fakta i saka. Det vart gitt ein frist på to veker for å gje tilbakemelding om faktiske feil i rapporten. Vi har og hatt møte med representantar frå SIM IKS (administrasjon og styret) 16.01.2023 om avvika og oppfølging av desse. Vi har på bakgrunn av dialog i møtet og informasjon frå SIM IKS om dei faktiske forholda gjort nokre endringar i rapporten. Endringane omfattar presiseringar for å gjere det tydelegare kva som er meint. Dessutan er delar av avvik 4 er teke ut, og avvik 5 er teke ut. Rapporten er no endeleg.

Tilsynet er ei oppfølging av tilsyn gjennomført i 2021 der det vart avdekkja mange og omfattande avvik. Verksemda gav første tilbakemelding om retting i brev 28.12.2021. I brev 07.04.2021 gjekk Statsforvaltaren gjennom tilbakemeldinga, peika på manglar, sette nye fristar for retting og varsla tvangsmulkt for å sikre framdrift i arbeidet med retting. SIM IKS gav nye tilbakemeldingar i brev

av 28.04.2021, 06.05.2022 og 25.08.2022. Tilbakemeldingane omtaler gjennomførte og planlagde tiltak for å rette avvik. For fleire avvik var tilbakemeldinga mangelfull og mangla forpliktande handlingsplan for retting.

Nytt tilsyn vart gjennomført i oktober 2022 for å sikre at avvika vert retta innan rimeleg tid. Avvika i rapporten etter dette tilsynet inneheld difor ikkje nye avvik. Dei avvika som framleis ikkje er retta etter tilsynet i 2021 er gjentatt. Dersom det er sendt inn handlingsplanar for retting er dette omtalt under observasjonar. I nokre tilfelle er det i endeleg rapport gjort endringar og presiseringar for å gjere det tydelegare kva som er meint og rettleiing om kva som må til for å rette avviket.

Avvik:

1. Mottakskontroll og tildekking har manglar
2. Lagring av avfall på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget
3. Oppsamling, overvaking og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyve
4. Overvaking av deponiet har manglar
5. Verksemda sørger ikkje for at utslipp av deponigass er lågast mogleg
6. Risikovurderinga har manglar

Merknad:

1. SIM IKS bør vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar og at organiseringa er hensiktsmessig for å rette avvika innan rimeleg tid.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Fitjar kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SIM - SVARTASMÅGET MILJØSENTRAL	
Organisasjonsnr.: 973793268	Eigd av: 958284837
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: SIM Svartasmoget - deponi	Anleggsnr.: 4615.0010.05
Kommune: Fitjar	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 29.06.2009	Sist endra: 20.11.2020

Kontrollert eining

Namn: Sim Svartasmoget - anlegg for kompostering	Anleggsnr.: 4615.0043.01
Kommune: Fitjar	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Biologisk behandling av org. avfall	
Løyve gitt: 12.12.2016	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova, blir overheldt. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, og er ei oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021. Inspeksjonen inngår i en aksjon der vi kontrollerer fleire deponi i fylket.

Tilsynet blei gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

SIM IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 20. april 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Tiltak som ikkje er gjennomført innan fristen 20. april 2023 må inn i ein tidfesta handlingsplan som inkluderer ressursar som er sett av til å gjennomføre tiltaket.

Vi ser alvorleg på avvika som er avdekkja i denne inspeksjonen, då avvika i hovudsak er dei same som blei gitt i 2021. Det er gjennomført ein del tiltak sidan tilsynet i 2021, men det er mykje arbeid som står att. Vi vil understreke at vi forutset at SIM IKS nå set av nok ressursar og gjer nødvendige endringar innan rimeleg tid slik at avvika blir retta.

Bruk av strengare verkemiddel i forureiningslova vil bli vurdert i den vidare oppfølginga.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgt opp ved ein ny kontroll. Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varsla tvangsmulkt på kr 50 000,- i brev 07.04.2022 dersom vi ikkje fekk dokumentasjon på at alle avvika frå tilsynet i 2021 var retta innan 25. august 2022. SIM IKS gav tilbakemelding innan fristen, men tilbakemeldinga viste ikkje at alle avvika var retta, og den inneheldt heller ikkje ein forpliktande handlingsplan for retting av alle avvik. Vi vil likevel ikkje inndrive tvangsmulka nå, men varslar heller ny og større tvangsmulkt knytt til frist for retting av avvik etter tilsynet i 2022.

Statsforvaltaren varslar at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73, dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis alle avvika omtalt i denne rapporten er retta og kva tiltak som er gjennomført eller planlagt innan **20. april 2023**.

Vi vil understreke at tiltak som ikkje er mogleg å gjennomføre innan **20. april 2023, uansett er gjeldande krav som skal gjennomførast så fort som mogleg.** For planlagde tiltak må dokumentasjonen minst innehalde følgjande:

- forpliktande handlingsplan med tidsfristar for tiltak for å rette alle påpekte avvik som ikkje allereie er retta
- oversikt over kva ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er satt av/gjort tilgjengelege for retting av avvika

En eventuell tvangsmulkt vil være et eingongssum på kr 150 000,-.

De vil få eit nytt brev med eventuelt vedtak. I vedtaket vil SIM IS få ein ny frist på 3 veker til å sende oss ei skriftleg tilbakemelding som stadfestar at avvika er retta.

I kommentar til opphøveleg tilsynsrapport skreiv SIM IKS at den varsla tvangsmulka er for høg. Tvangsmulka skal gjenspegle kostnadene ved å rette dei avvika som er påpeika i tilsynsrapporten. Tvangsmulka i førre tilsynsrapport på 50 000,- frå 2021 var i så måte sett lågt. Vi vurderer at 150 000,- er eit riktigare nivå sett i lys av arbeidet som står att med retting av avvik.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

7. Avvik

Avvik 1

Mottakskontroll har manglar

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 1.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
 - punkt 2.1 Registrering og kontroll ved mottak av avfall
 - punkt 2.3 Avfall som kan deponerast
- Avfallsforskrifta kapittel 9
 - Vedlegg II punkt 1.1 Basiskarakterisering
 - Vedlegg II punkt 1.4 Kontroll
 -
- Avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg II
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 om kunnskap
- Internkontrollforskrifta §5 punkt 7 om rutinar

Kommentarar til regelverket

I punkt 1.2 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa ligg innanfor rammene av løyvet, er verksemda plikta til å redusere sine utslepp, inkludert støy og lukt, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

I punkt 2.1 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Det skal gjennomførast kontroll av alt avfall som taksast i mot. Kontrollen skal klarleggje om forskrifta sine krav til behandling av avfallet er oppfylt før deponering, og om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningsliner for kva som kan takast imot. Mottakskontrollen skal minimum følge krava fastsett i avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II.

Verksemda skal føre stikkprøvekontroll utover dette, der det mistanke om at avfallet kan innehalde farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kapittel 9 og dette løyvet.

Ein tilfredsstillande mottakskontroll føreset kompetanse om kva som er farleg avfall og korleis dette skal handterast. Krava om kompetanse gitt i vedlegg 3, punkt 6.1 i kapittel 11, om farleg avfall i avfallsforskrifta gjeld for mottak av avfall på anlegget.

I punkt 2.3 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Avfallet skal oppfylle mottakskriteria i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om samansetjing, utlekkingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar for deponiet på kort og lang sikt.

Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.1

Har krav til innhald i basiskarakterisering av avfall som skal deponerast. Det er mellom anna krav til klassifisering av avfallet, og for nokre avfallstyper er det krav til dokumentasjon av utlekking ved både kolonnetest og ristetest. Det er også krav til at opplysningar om ekstra forholdsreglar skal vere kjent. Dette kan til dømes gjelde at avfallet har innhald av andre helse- og miljøfarlege stoff enn dei det er sett særskilt grenseverdi for i forskrifta. For avfall som oppstår jamleg, skal det det følge dokumentasjon på innhald og eigenskapar, variasjon i desse eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast og kor ofte. Det er avfallsprodusenten som skal basiskarakterisere avfallet. Basiskarakteriseringa må innehalde alle nødvendige opplysningar for at deponieigar skal kunne ta stilling til om kriteria for mottak er oppfylte og om avfallet kan deponerast.

Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.4

Driftsansvarleg skal avgjere om avfallet kan deponerast på bakgrunn av framlagt dokumentasjon. Driftsansvarleg skal sørge for at kvart lass med avfall som blir levert for deponering, blir inspisert visuelt før og etter lossing.

I avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg II

Her går det fram kva som gjer at avfall skal reknast som farleg.

I internkontrollforskrifta § 5 punkt 2

Arbeidstakarane skal ha tilstrekkeleg kunnskap i det systematiske miljøarbeidet. Dette inneber mellom anna at dei tilsette må ha kunnskap om krav til klassifisering og basiskarakterisering i avfallsforskrifta og løyve, og korleis dette skal dokumenterast og kontrollerast.

I interkontrollforskrifta §5 punkt 7

Verksemda skal ha rutinar som skal forebygge brot på regelverket. Dette inneber at rutinar må vere konkrete nok til at dei skal kunne nyttast i det daglege arbeidet.

Observasjonar med kommentar og rettleiing:

Skriftleg rutine for mottakskontroll og prosedyre for handtering av uynskt avfall til deponi er mangelfull. Rutine for tildekking av asbestavfall er mangelfull. Verksemda har mangelfull kompetanse på regelverket som gjeld klassifisering av farleg avfall.

Rutine for mottakskontroll inkludert kontroll av basiskarakterisering er heilt essensielt for å sikre at krava i eit avansert regelverk blir følgt opp i praksis. Dersom slike rutinar ikkje ligg føre vil SIM IKS kunne komme i ein situasjon der avfall som det ikkje er tillate å motta likevel blir deponert, med den helse og miljøfare det vil innebere. Det står ikkje lista opp i helse- og miljøregelverk detaljert kva for nokre rutinar ei verksemd må ha, men i internkontrollforskrifta §5 punkt 7 står det at verksemdar må skriftlege rutinar for å sikre at krav i regelverket blir overhalde.

I brev av 07.04.2022 skreiv Statsforvaltaren: «Statsforvaltaren ber om å få tilsendt rutinane for basiskarakterisering innan 05.05.2022». Vi skreiv vidare i same brev: «Statsforvaltaren vil kome på nytt tilsyn hausten 2022. Då vil både rutine for basiskarakterisering og utførte basiskarakteriseringar sidan førre tilsyn bli gjennomgått».

SIM IKS sendte på bakgrunn av dette inn to rutiner 06.05.2022:

- «Prosedyre for uønska avfall til deponi»
- «Rutine for mottakskontroll- deponi»

I desse dokumenta er det mellom anna desse manglane:

- Alt som skal skje frå SIM IKS får spørsmål om mottak av avfall frå ein kunde, til avfallet er lagt **på deponiet, må inngå i rutine for mottakskontroll. I dagens prosedyre og rutine er berre nokre av stega i denne prosessen omtalt. Dei stega som er omtalt er mangelfullt omtalt.**

For alle steg i prosessen frå førespurnad om mottak til ferdig deponering må det gå klart fram kven som har ansvar for den spesifikke oppgåva. SIM IKS må her eksplisitt ta stilling til kven som har kompetanse til å gjere dei ulike stega. Alle vil for eksempel ikkje ha kompetanse til å vurdere eit analyseskjema som gir oversikt over konsentrasjonar av forureiningar.

- Eit av stega som det ikkje finnes rutinar for i dag er korleis kontroll av basiskarakterisering skal gjennomførast. Her må SIM IKS vise i rutinen korleis verksemda vil sørge for at krava i avfallsforskrifta kap 9 vedlegg II blir gjennomført i praksis. Mellom anna må SIM IKS beskrive korleis verksemda vil handtere avfall som oppstår jamnleg. Dette vil seie kva krav om dokumentasjon verksemda vil stille til kundane sine for denne typen avfall.

Som ein del av kontroll av basiskarakterisering må det også gå fram korleis verksemda vil kontrollere om avfallet er farleg avfall. SIM IKS må her setje seg inn i reglane for klassifisering av farleg avfall i avfallsforskrifta kap 11 og innarbeida dette som ein del av rutinen for kontroll av basiskarakterisering. Under tilsynet viste SIM IKS ei liste over grenseverdier som vart nytta for å avgjere om avfall er farleg eller ikkje. Denne lista var laga av eit av analyselaboratoria som SIM IKS nyttar. Lista inneheld feil og fangar ikkje opp reglane i avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg II om klassifisering av farleg avfall.

SIM IKS må også ha med i rutinen for kontroll av basiskarakterisering når SIM IKS skal krevje utlekkingsstestar. Det må også gå fram korleis verksemda skal vurdere slike utlekkingsstestar og kven som skal gjere det. Dette er eit viktig grunnlag for å avgjere om avfallet kan takast imot.

- Krav til kunden når det gjeld dokumentasjon av TOC-innhald og korleis og kven som skal vurdere dokumentasjonen må inngå i ny rutine. På tilsynsdagen vart det deponert madrassar på deponiet. I etterkant av tilsynet har verksemda opplyst at det er sannsynleg at TOC-innhaldet i madrassar overstig grenseverdien på 10 %. Dette er ikkje stoppa i mottakskontrollen. Verksemda opplyser at dei no vil avslutte deponeringa av madrassar.

- I gjeldande prosedyre for uønskt avfall til deponi er det lagt opp til kontroll av avfallet etter at det er deponert. For avfallstypar som kan innehalde element som må plukkast ut, vil det i praksis ikkje vere mogleg å gjennomføre ei god nok kontroll etter at det er lagt på deponiet. Dette punktet må difor endrast.

Det som er nemnt over er berre eksempel på tilhøve som SIM IKS må innarbeide i ny rutine for mottakskontroll og kontroll av basiskarakterisering. SIM IKS må sjølv gå gjennom alle punkta i punktliste over («kommentar til regelverket») og sørge for at alt blir innarbeide i ny rutine for mottakskontroll og kontroll av basiskarakterisering. Heile avfallsforskrifta sitt kap 9, vedlegg II er viktig for å få lage ei god rutine.

Avvik 2

Lagring av avfall på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 9-4 a) om forbod mot deponering av visse avfallstypar
- Avfallsforskrifta §9-2 virkeområde
- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 7 Mellomlagring og behandling av avfall
- Løyve til komposteringsanlegget gitt 12. desember 2016
 - punkt 3.4 Krav til dekke
 - punkt 3.6.3 Lagring

Kommentar til regelverket:

Avfallsforskrifta § 9-2 virkeområde

Vilkåra i kap 9 gjeld for anlegg der det blir lagra avfall, dersom lagringstida er meir enn eitt år før avfallet går til slutthandsaming.

Avfallsforskrifta § 9-4 a) om forbod mot deponering av visse avfallstypar

På ordinære deponi kan TOC-innhaldet vere maksimalt 10 %.

Punkt 7 i løyvet til deponiet regulerer mellomlager av utsorterte avfallsfraksjonar i påvente av vidare levering til slutthandsaming. Det er krav til at driftsprosyre og risikovurdering for lagringa skal inngå internkontrollen. Verksemda skal vurdere og setje i verk dei tiltaka som er nødvendig for å sikre at lagring ikkje fører til uakseptable utslepp til luft, jord og vatn eller ulemper for nærmiljøet.

Punkt 3.4 i løyve til komposteringsanlegget har krav til at lagring som kan føre til fare for avrenning minst skal gå føre seg på tett dekke med eigna oppsamling av avrenning.

Punkt 3.6.3 i løyve til komposteringsanlegget har krav til at komposten skal lagrast slik at ein til ei kvar tid har oversikt over lagringstid og mengde på lager.

Observasjonar:

På deponiet er det lagra ulike typar avfall i strid med krav i deponi- og kompostløyvet.

SIM IKS har sendt inn ein plan for handtering av avfallet som ligg lagra oppå deponi i brev av 24.08.2022. Verksemda gav utdjujingar under tilsynet. I det følgande er det ein gjennomgang og avklaring frå Statsforvaltaren på dette:

Delvis kompostert matavfall i område 1 og 3

Den delvis komposterte massen tilfredsstillar ikkje krava i gjødselregelverket (er ikkje hygienisert og inneheld i tillegg for mykje tungmetall) og kan ikkje nyttast til noko. SIM IKS ynskjer å deponere massane.

Tilbakemelding frå Statsforvaltaren: Dersom de ynskjer å deponere matavfallskomposten må de gjere ei risikovurdering av deponering og søke Statsforvaltaren om det. Det må då gå fram av søknaden korleis ein har tenkt å legge opp deponeringa særleg med tanke på utvikling og oppsamling av deponigass særleg sett i lys av deponigassanlegget ikkje er i funksjon.

Kompostert kloakkslam i område 2

Slamkompost med for høgt innhald av framandlekamar. Det høge innhaldet skuldast sannsynlegvis at det er grus som er iblanda komposten. Dersom komposten blir godkjent for sal ynskjer SIM IKS å nytta delar av komposten til jordbetring på egne områder, delar av jorda til utbetringar av toppdekke, resten av jorda ynskjer SIM IKS å selje ut til næringskundar.

Tilbakemelding frå Statsforvaltaren: Dersom kompostmassen blir godkjent av Mattilsynet kan massane selgast ut som produkt til kundar eller nyttast til jordforbetring på eige område. Dersom SIM IKS i staden vel å lagre massen for seinare bruk som toppdekke må dette tas inn i avslutningsplanen. Krav til lagring er spesifisert i løyvet verksemda har til drift av komposteringsanlegget. I vilkår 3.4 er det krav om at lagring som eit minimum skal skje på fast dekke. Løyvet slik det er i dag opnar difor ikkje opp for lagring på deponiområdet, massane må fjernast frå der dei ligg.

Kompostert hageavfall i område 4

Komposten har visuelt ein god kvalitet, men det manglar ein god dokumentasjon på hygienisering. SIM IKS vil derfor deponere komposten.

Tilbakemelding frå Statsforvaltaren: Hageavfall har lav risiko knytt til innhald av bakteriar og parasittegg. Massane kan difor om alle andre krav er oppfylt, bli nytta til toppdekke på deponiet, dette må då tas inn i avslutningsplanen. Krav til lagring er spesifisert i løyvet verksemda har til drift av komposteringsanlegget. I vilkår 3.4 er det krav om at lagring som eit minimum skal skje på fast dekke. Løyvet slik det er i dag opnar difor ikkje opp for lagring på deponiområdet, massane må fjernast frå der dei ligg.

Gravemassar frå Nysæter skule

I første tilbakemelding på tilsynsrapporten frå 2021 skreiv SIM IKS dette i brev av 28.12.2021: «Massane i område 5 er gravemassar frå grunnen undre Nysæter ungdomsskule i Sagvåg som er deponert. Ved mottak forureina jord og muddermassar vil det for framtida alltid verta utført risikovurdering, basert på avfallet sine eigenskapar». I tilbakemelding frå SIM IKS av 24.08.2022 skriv verksemda dette: «SIM skildra massane som deponert. I ettertid ser ein at dette var ei misvisande skildring. Massane er lagra for bruk til celledeling og tildekking av anna avfall. Massane er vurdert å ikkje utgjere nok fare for forureining slik dei ligg på deponiet medan dei gradvis vert nytta i deponidrifta.

Tilbakemelding frå Statsforvaltaren: Det er ikkje framlagt dokumentasjon på desse massane. Massane må vere basiskarakterisert og risikovurdert før det kan brukast vidare som tildekkingsmassar. Avfall som blir brukt til overdekking skal rapporterast som deponert. Mengd og

type tildekkingsmassar skal registrerast, jf vilkår 3.1 i deponiløyvet. Dersom SIM IKS ynskjer å lagre tildekkingsmassar som er avfall utover eit år på dei opne delane av deponiet i påvente av bruk som mellombels tildekking må dette avklarast gjennom søknad om endring av løyvet. Massane frå Nysæter kan ikkje lagrast oppå avslutta delar av deponiet. Det vil seie der det er etablert toppdekke.

Fleir av massetypane/avfallet nemnet over var på tilsynsdagen lagra delvis oppå avslutta delar av deponiet. Fleire av avfallstypene inneheld helse- og miljøfarlege stoff som kan spreie seg til miljøet dersom dei blir utsett for ver og vind. Eventuelt toppdekke som er etablert der lagring skjer/har skjedd vil bli forureina av avfallet som er lagra oppå. Toppdekket skal vere reint, det vil seie overhalde krav til innhald av forureiningar i forurensningsforskrifta kap 2, vedlegg 1.

Avvik 3

Oppsamling, overvaking og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyve

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 1.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg
 - Punkt 4.1. Tiltak for å redusere sigevassmengda
 - punkt 4.3 Sigevasshandtering
 - punkt 8.3 om vassbalanserekneskap
 - punkt 8.4 om overvaking av sigevatn

Kommentarar til regelverket

Deponiløyve punkt 1.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, inkludert utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

Deponiløyve punkt 4.1: Tiltak for å redusere sigevassmengda

Det skal leggest til rette for at det dannar seg minst mogleg sigevatn i deponiet utover den vassmengda som trengs for å oppretthalde gassproduksjon. Alt sigevatn skal samlast opp. Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om nødvendig sette i verk tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet. Reint overflatevatn frå omkringliggende areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje tilførast sigevassnettet, men leiast separat utanom deponiet.

Det skal også vere kontroll med inntrenginga av nedbør i deponiet. Deponiet sitt nedbørsfelt skal avgrensast ved midlertidig avskjering av det aktive arealet som er opne for deponering. Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet skal dokumenterast gjennom overvakingssystemet og vassbalanseutrekningar, jamfør punkt 8.2 og 8.3 i løyvet, og skal inngå i miljøovervakingssystemet, jf. punkt 8.5.

Deponiløyve punkt 4.3: Sigevasshandtering

Sigevatn frå alle deponiceller, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller er avslutta

deponiareal, skal samlast opp. Oppsamlingssystemet skal haldast ved like for å hindre groe og tilstopping. Sigevatnet skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengeleg teknikk (BAT), sjå forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg II.

Deponiløyve punkt 8.3: Vassbalanserekneskap

Verksemnda skal ha vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

Deponiløyve punkt 8.4: Overvaking av sigevatn

Overvaking av reinseprosess og reinseeffekt for reinseanlegget skal inngå i overvakingsprogrammet

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Oversikt over vassbalanse

SIM IKS har etter tilsynet i 2021 utarbeida eit vassbalanserekneskap. Dette er mangelfullt og er ikkje laga i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 «Rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi».

I vassbalanserekneskapet manglar mellom anna fleire av desse punkta:

1. Grunnvasstand rundt deponiet og under deponiet. Står det grunnvatn opp i deponiet i periodar? Korleis strøymer grunnvatnet?
2. Anslag på mengder grunnvatn som strøymer inn i deponiet.
3. Anslag på sigevatn som strøymer til grunnvatn
4. Kart som viser deponiområdet og kva områder som er avslutta og kva områder som ikkje er avslutta. Utrekning av kva dette har å seie for avrenningsmengder.
5. Kart som viser område utanfor deponiet som har avrenning inn i deponiet. Eksisterande og planlagde avskjerande grøfter inkludert når arbeidet skal gjennomførast.
6. Nedbørmengder for kvar månad frå eigen nedbørmålar
7. Sigevassmengder for kvar månad
8. Avrenningsmønster- kor mykje vatn renn gjennom deponiet og kor mykje renn av på overflata?

Verksemnda har ikkje dokumentert at sigevassreinsinga er tilstrekkeleg optimalisert

Verksemnda vil gjere følgande for optimalisere sigevassreinsinga:

- Dokumentere vasskvaliteten på vatnet som går i overløp
- Redusere mengda sigevatn ved å avskjera omlag 90 meter langs deponikanten
- Det blei tatt ein prøve før reinsing i 2021. I 2022 vil verksemnda måle reinseeffekt ved 4 målingar

Planlagde undersøkingar og tiltak er ikkje er tilstrekkeleg. Verksemnda må difor laga ein ny handlingsplan for optimalisering av sigevassreinsinga som inkluderer tilhøve nemnt under.

Verksemnda manglar eit kart over sigevassleidningar, og alle overløp. Det mangla digitale verktøy for kontinuerleg overvaking av avrenning av sigevatn og vurdering av samheng med nedbørdata.

Opphaldstid i sedimentasjonsbassenget ved ulike avrenningsmønster er ikkje rekna ut. Verksemnda mangla eit intensivt program for måling av sigevatn før og etter reinsing som dokumenterer reinsegrad ved ulike vassbelastningar på reinseanlegget. Det vil seie at verksemnda må måle både i nedbørrike periodar og meir tørre periodar. Optimalisering krev meir enn 4 målingar i året. Verksemnda mangla tal på kor lang opphaldstid som er naudsynt for å få ei god nok reinsing av alle

parametrar. Kor ofte sedimentasjonsbassenget må tømmast for slam må også vere ein del av optimaliseringa.

Etter at dette er gjort må verksemda vurdere om reinseanlegget må utvidast eller endrast for å få ei tilstrekkeleg reinsing. Vidare må de vurdere om det er naudsynt med tilsetning av fellingskjemikalier eller andre tiltak.

Nødvendige tiltak som ikkje allereie er gjennomført må inn i ein tidfesta handlingsplan. Der det må oversikt over kva ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er sett av/gjort tilgjengelege.

Rapporten frå resipientgranskinga i 2019 viser at stasjon Stok 3 på det djupaste punktet i fjorden utanfor anlegget ikkje oppnår god kjemisk tilstand på grunn av høgt innhald av tre prioriterte PAH-sambindingar. Konsentrasjonen av desse stoffa har auka frå 2014. Dette blei påpeika i tilsynsrapporten frå 2021.

SIM IKS skriv i si tilbakemelding av 28.12.2021 dette: «På bakgrunn av auka estimert totalutslepp av PAH til resipienten i 2020, sam ein auka konsentrasjon i resipienten frå førre undersøking i 2014 vil ein fylgje særskilt med på utviklinga av innhaldet av PAH i sigevatnet framover. Både på kvartalsprøvene og på neste resipientundersøking i 2024.»

Verksemda må gjere ei vurdering av om dei kan vere årsak til funna av PAH i resipientundersøkinga. Det er ikkje gjort. Det heller ikkje vurdert om dei eventuelt kan gjere tiltak. Dette er viktig informasjon/vurdering som må vere tilgjengeleg før neste resipientundersøking i 2024 som eit planleggingsgrunnlag for oppsettet av undersøkinga.

Tiltak som SIM IKS vil gjennomføre

Overvatn vert ført gjennom deponiet i lukka rør. Målingar indikerer lekkasje frå røyret. I løpet av hausten 2022 vil verksemda legge elva som no renn i røyr under deponiet, i ei renne langs ytterkanten av deponiet.

Statsforvaltaren tek denne informasjonen til orientering og legg til grunn at SIM IKS i tilbakemeldinga 20.04.2023 vil dokumentere at tiltaket er gjennomført.

Avvik 4

Overvaking av deponiet har manglar

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 8.4 Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn
 - punkt 8.5 Overvaking av deponigass
- Løyve til komposteringsanlegg av 12.12.2016
 - punkt 4.1 utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn
 - punkt 4.2 utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Kommentarar til regelverket

Deponiløyvet punkt 8.4 overvaking sigevatn, overflatevatn og grunnvatn:

Verksemda skal ha eit overvaksingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i tråd med krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077, «Rettleiar om

overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi». Programmet skal utarbeidast med bakgrunn i tidlegare overvakeringsresultat frå deponiet og klarlegge avgrensinga av deponiet sitt påverknadsområde.

Programmet og eventuelle justeringar av dette skal vere godkjent av Fylkesmannen. Verksemda har ansvar for å sjå til at overvakeringsprogrammet er tilstrekkeleg til å klarleggje eventuelle uakseptable utslepp frå deponiet til omgjevnadane.

Deponiløvet punkt 8.5 overvaking av deponigass

Uttak av deponigass og innhald av metan skal målast kontinuerleg. Måling av deponigassen sitt innhald av metan, temperatur og opphaldstid i forbrenningskammeret skal inngå i overvakeringsprogrammet. Overvaking av deponigassuttaket skal vere tilpassa krava til rapportering, jf. vilkår 8.6.

Komposteringsløvet punkt 4.1 om utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall og eventuelt spyle- og vaskevatn skal reknast som forureina avløpsvatn. Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og førast direkte til sigevassleidninga med utslepp til sjø. Før det blir ført inn på sigevassleidninga skal forureina avløpsvatn passere ein kontrollkum med moglegheit for mengdemåling og uttak av prøvar.

Komposteringsløvet punkt 4.2 om utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg mm

Dersom måleresultat frå utslepp av forureina avløpsvatn og resultat av resipientundersøking viser uakseptabel forureining skal det gjennomførast tiltak for å redusere forureininga. Eventuell forureining skal vurderast opp mot vassforskrifta. Om nødvendig skal utsleppsreducerande tiltak som reinsing setjast i verk.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Oppdatert overvakeringsprogram:

Det er utarbeidd fleire dokument som tilsaman skal utgjere overvakeringsprogrammet. Desse er:

1. Kart og bilete av prøvepunkt
2. Måleprogram for deponiovervåking- Svartasmoget-SIM – 2022
3. Prøvetakingsprosedyre for vassprøvar ved SIM IKS
4. Rutinar for måling av diffuse utslepp av gass
5. Vedlegg 1- SIM prøveprogram-2022

Programmet er sendt inn i tilbakemelding 06.05.2022.

Programmet er ikkje fullstendig og har desse manglane:

- Målingar av deponigass som blir samla opp gjennom gassanlegget er ikkje teke med
- Målingar av overløp er ikkje teke med
- Måling av PCB og PFAS-sambindingar er ikkje teke med verken for sigevatn før eller etter reinsing.
- Måling av PAH16, BTEX, BOF, olje manglar for sigevatn før reinsing. Desse parametrane kan ikkje utelatast slik det i måleprogrammet foreslås av Hardanger Miljøsenster. Bakgrunnen for forslaget er at det ikkje kan påvisast reinsing av parameterane. Målingar kan ikkje utelatast av den grunn.
- Prøvetaking i samband med optimalisering av reinseanlegget er ikkje teke med
- Måling av mennde avrenning frå komposteringsanlegget er ikkje teke med
- Måling av nedbør er ikkje teke med

I måleprogrammet skriv Hardanger Miljøsester:

«Det forventes at renseanlegget vil gi en stabil renseeffekt over tid ved drift, og fra 2023 foreslås det å gjennomføre kun en enkelt prøvetaking av sivevannet før rensing per år». Som det går fram av avvik 3 står det att mykje arbeid før optimaliseringa av reinseanlegget er ferdig. SIM IKS kan ikkje dokumentere at det er ei stabil og god nok rensing ved sivevassreinseanlegget, sjå avvik 3.

Mengdemålingar av nedbør og avrenning må også vere ein del av overvåkingsprogrammet (ikkje berre samla tal for året) og korleis dette skal driftast og kor ofte ein skal samanstill nedbør og avrenning. Desse dataene er grunnlaget for drifta av sivevassreinseanlegget.

Som påpeika over må verksemda gjere målingar av mengda avrenning frå komposteringsprosessen og gjere ei vurdering av om det er nødvendig å gjere tiltak.

Under er lista opp tiltak som er SIM IKS har gjort eller planlegg etter mai 2022. Statsforvaltaren tek dette til orientering og legg til grunn at dei nye prøvepunktta blir innarbeida i overvåkingsprogrammet for Svartasmoget.

- Overflatevatn: Endringar i prøvepunkt for overflatevatn som følgje av etablering av nye grunnvassbrønner (sjå punktet om grunnvatn under) og omlegging av rør som tidlegare gjekk gjennom deponiet.
- Overvaking av grunnvatn: Sidan 2017 har grunnvatnet blitt overvaka i berre eitt målepunkt nedstrøms deponiet. I notat av 22.08.2022 (oppdrag 52205022) har Norconsult foreslått ein ny nedstraums grunnvassbrønn i tillegg til den eksisterande. Vidare er det i rapporten foreslått å lage ein ny oppstraums brønn. SIM IKS opplyser at dei planlegg å få bora dei nye brønnane i løpet av hausten 2022.

Avvik 5

Verksemda sørger ikkje for at utslepp av deponigass er lågast mogleg

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 5 Deponigass

Kommentarar til regelverket

I punkt 5 i løyvet er det krav til at oppsamlingsanlegget skal drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial. Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. Det skal setjast i verk avbøtande tiltak for å sikre lågast mogeleg utslepp til luft. Verksemda skal regelmessig evaluere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak.

Observasjonar

Verksemda kan ikkje dokumentere at drifta av gassanlegget er optimalt, og kontroll av gassanlegget og diffuse utslepp er mangelfull.

I tilbakemelding frå SIM IKS av 28.04.2022 skreiv verksemda følgjande når det gjeld drift av gassanlegget:

«Plan for oppgradering er:

- optimalisere anlegget
- Sikre at anlegget er i tråd med gjeldande forskrifter
- Årskontrollar på anlegget.

Framdriftsplan:

1. Service på begge avtrekksvifter. Er utført i Danmark i februar.
2. Ny automatisk tenner i fakkell. Er bestilt.
3. Nytt analyseapparat for metangass. Er bestilt og levert.
4. Installere flammefelle. Er bestilt.
5. Oppstart arbeid med utskifting og montering av nye delar 4. mai
6. Igangsetjing a vgassnalegget for venta innan utgangen av mai.»

På tilsynsdagen opplyste SIM IKS at dei arbeider med oppgradering ut frå ein tilstandsrapport som er utarbeida. På tilsynsdagen var arbeidet med oppgradere anlegget i tråd med tilrådingane i tilstandsrapport ikkje ferdig. Etter at oppgraderinga er gjennomført må verksemda gjennomføre ei optimalisering av drifta av gassanlegget.

Verksemda hadde ikkje meldt frå til Statsforvaltaren at arbeidet med oppgradering av gassanlegget er forsinka. Det er ikkje laga ny framdriftsplan. Planen må også inkludere arbeidet med optimalisering.

Når det gjeld diffuse utslepp gjennomfører verksemda no ei forenkla overvaking med eige måleapparat. Overvakinga viser at det er diffuse utslepp. Verksemda set desse utsleppa i samband med at gassanlegget ikkje fungerer. SIM IKS vil gjere meir omfattande målingar av diffuse utslepp etter at gassanlegget er i normal drift. Overvakinga av utsleppa må ha ein så god kvalitet at det kan nyttast som grunnlag for tiltak.

Avvik 6

Risikovurderinga har manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering og handlingsplan

Kommentarar til regelverket

Verksemda skal kartlegge fare og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoen. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Observasjonar

Risikovurderinga for anlegget var ikkje oppdatert ved vesentlege endringar, og vurdering av risiko mangla på nokre område. Det var ikkje oppdatert risikovurdering av fare for utslepp frå deponiet til vassdrag, grunn og luft.

Verksemda har utført risikovurderingar for nokre avgrensa felt sidan sist tilsyn. Vurderingane som er gjort har feil og manglar:

- I ei av risikovurderingane som er gjort er risiko sett til grøn sjølv om sannsyn er oransje og konsekvens er sett til gul.

- Risikovurdering etter tiltak er sett til null.
- Akseptkriterier manglar

Manglane påpeika over tilseier at verksemda må arbeide meir med metoden dei nyttar for utføring av risikovurdering. Som nemnt over er det berre gjort risikovurderingar for nokre få avgrensa felt. Til dømes vil det vere fleire risikoforhold som vil gje uønska utslepp av sigevatn enn det verksemda har vurdert.

8. Merknad

Merknad 1: SIM IKS bør vurdere om det er sett av tilstrekkeleg ressursar, og organisering og kompetanse er hensiktsmessig for å rette avvika innan rimeleg tid.

Det er behov for store ressursar både i form av økonomiske middel og personell med rett kompetanse for å rette avvika. Verksemda har mykje arbeid som står att på alle sentrale punkt i drifta av deponi:

- Mottak av avfall
- Gassoppsamling
- Sigevassreinsing
- Internkontroll
- Overvaking

Vi viser også til vårt brev av 07.04.2002 der vi varsla at vi vurderer å fastsette eit kompetansekrav for verksemda for å sikre forsvarleg drift.

Vi vil understreke at å følge opp tilsynsrapporten inneber både arbeid nå med å gjere rettingar, lage rutinar, lage handlingsplanar og få på plass delar, men også eit langsiktig arbeid med å gjennomføre drifta i ettertid på ein annan måte. Det vil for eksempel krevjast meir ressursar å drifta sigevassreinsanlegg og gassanlegg. Desse anlegga må styrast av personell som har sett av tid til det. Det same gjeld mottakskontrollen; å gå gjennom dokumentasjon som blir levert i samband med førespurnad om mottak krev tid. Det er som vist mange detaljerte reglar som ein må sjekke dokumentasjonen opp mot. Dette må SIM IKS sørge for at det finst tilstrekkeleg bemanning for å få til.

9. Andre forhold

Vedtak om pålegg om oppdatert plan for avslutning og etterdrift av deponiet

Bakgrunn

Statsforvaltaren varsla i opphavelig tilsynsrapport av 15.11.2022 krav om innsending av oppdatert avslutningsplan innan 01.05.2023.

I brev av 30.11.2022 kommenterer SIM IKS at fristen er for kort og verksemda iallfall treng heile 2023 for å gjere jobben. Statsforvaltaren har teke omsyn til dette i fastsetting av endeleg frist.

Verksemda har ein avslutningsplan som er utarbeida i 2004. Sidan dette er nye krav gjort gjeldande og det er vedtatt ny reguleringsplan med nye høgder. Nye krav må innarbeidast i den reviderte avslutningsplanen. Ein oppfyllingsplan inkludert trinnvis avslutning må vere ein del av avslutningsplanen jamfør vilkår 3.1 i deponiløyvet.

Tilsynet viste at det på delar av deponiet var fylt avfall opp mot endeleg mengde og det var laga ei form for avslutning. I dette området er det lagra avfall oppå (sjå avvik 2). Verksemda må gjere ei vurdering av om lagringa har ført til at det topplaget som er eventuelt er etablert har blitt forureina. Dersom dette er tilfelle må heile eller deler av topplaget byggast opp på nytt.

Overflatevatn frå endeleg avslutta deponi skal i utgangspunktet vere reint og kan førast utanom reinseanlegget, slik at vassmengdene til reinseanlegget blir redusert.

Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 7, jf. avfallsforskrifta § 9-15 pålegg Statsforvaltaren SIM IKS å sende inn ein oppdatert plan for avslutning og etterdrift av deponiet **innan 01.04.2024**. Den reviderte avslutningsplanen må godkjennast av Statsforvaltaren.

Etter at deponiet er endeleg avslutta vil Statsforvaltaren gjennomføre ein sluttinspeksjon.

Klage

SIM IKS kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Tilstandsklassar

Under tilsynet kom det fram at verksemda ikkje har ei riktig forståing av regelverket knytt til forureina massar og tilstandsklassar (TA-2553/2009 frå Miljødirektoratet). Statsforvaltaren gjer merksam på at det berre er tilstandsklasse 1 som kan brukast fritt. Tilstandsklasse 1 svarar til normverdiane i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1.

Oversikt over deponiutviklinga

I opphavelig versjon av tilsynsrapport fekk SIM IKS avvik fordi oversikt over deponiutviklinga ikkje var på plass. SIM IKS har påpeika at dei på tilsynsdagen snart var i mål med å lage denne oversikten. Statsforvaltaren har difor tatt vekk dette avviket. Vi legg til grunn at SIM IKS i tilbakemeldinga på endeleg tilsynsrapport 20.04.2023 også gjer greie for arbeidet med å lage oversikt over deponiutviklinga. Oversikten skal vise kor mykje areal som er tatt i bruk, avfallsvolum og avfallssammansetting, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet. Det er viktig at også overvassrøyr, sigevassrøyr og anna infrastruktur på deponiet blir tatt med.

Tildekking av asbest, rutiner for tildekking av farleg avfall

Rutinen SIM IKS har for tildekking av asbest blei sendt inn 24.01.2022 etter avtale på møtet 16.01.2022. I rutinen står dette:

- *«Plassering i celle for asbest.*
- *Blåsesanden skal nyttast som stabilisering og midlertidig tildekking av asbestavfallet.*
- *Asbestcella skal dekkast til dagleg.*
- *Kvar 14. dag skal ein sikre at blåsesanden vert til dekka med egna massar.»*

Statsforvaltaren vil ta opp kravet til tildekking av asbest og farleg avfall på nasjonalt nivå i løpet av året. Etter det vil bli gjort avklaringar gjennom sakshandsaming.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- Pålegg/vedtak i korrespondanse mellom verksemda og Statsforvaltaren